

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Teams - Teams

Dato: 11.11.2024

Tidspunkt: 09:00 – 13:150

Til stades:

Namn

- | | |
|-------------------------------|-----------|
| 1. Paula Næss Skår | Leiar |
| 2. Janne Remøy Endresen | Nestleiar |
| 3. Atle Tangen | Medlem |
| 4. Brit Harsem | Medlem |
| 5. Evy Svanemslie | Medlem |
| 6. Oddrun Annie Stensø Nasvik | Medlem |
| 7. Bjørn Aske | Medlem |
| 8. Kai Knutsen Sivertsen | Medlem |
| 9. Lasse Honningsvåg | Medlem |
| 10. Per Øvermo | Medlem |

Frå administrasjonen møtte:

Namn

Ingrid Fiskerstrand

Sekretær for brukarutvalet HMR

Merknad i møte:

Pasient- og brukarombodet Hanne Haavde-Stenseth deltok i møtet via teams

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
61/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
62/24	Orientering frå administrerande direktør Olav Lødemel
63/24	Styresak - statusrapport oktober 2024
64/24	Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF gjeldande frå 1.1.2025
65/24	Referatsaker
66/24	Oppnemning til råd og utval
67/24	Korleis gjennomføre ROS-analyse - metodar?
68/24	Eventuelt

61/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 61/2024 i møte den 11.11.2024

Behandling

Pasient- og brukarombodet Hanne Haave-Stenseth har meldt inn sak til eventuelt

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste

62/24 Orientering frå administrerande direktør Olav Lødemel

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 62/2024 i møte den 11.11.2024

Behandling

Administrerande direktør Olav Lødemel gav brukarane ei kort orientering om kommande styresaker og vidare oppfølging av tiltak som var nemnt i førige møte med brukarutvalet

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå administrerande direktør til vitende.

Brukarutvalet er uroa for at endringar som vurderast i helseføretaket skaper utryggheit i befolkninga. Dei poengtera at det er viktig med god kommunikasjon og informasjon til befolkninga og pasientane.

Brukarutvalet har tillit til at forsvarleg helsetilbod står i fokus i prosessar med endring.

63/24 Styresak - statusrapport oktober 2024

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 63/2024 i møte den 11.11.2024

Behandling

Økonomidirektør Randi Myhre deltok i teamsmøtet med ei orientering rundt statusrapport for oktober 2024. Talla er ikkje endelig - oktober 2024 har rapporteringsfrist til Helse Midt-Norge den 12.11.24

Økonomidirektøren orienterte og om likviditetssituasjonen og kva følgje det har for drift- og pasienttilbodet i Helse Møre og Romsdal

Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orientering rundt statusrapport for oktober 2024 til vitende.

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal er svært uroa for kva den dårlige økonomien skal ha å bety for pasienttilbodet og pasientsikkerheten i Helse Møre og Romsdal, og i den samanheng viser dei til brevet som vart sendt til helseminister Jan Christian Vestre frå Brukarutvala i Helse Midt-Norge

64/24 Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF gjeldande frå 1.1.2025

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 64/2024 i møte den 11.11.2024

Behandling

Samhandlingssjef Eli Otterlei presenterte revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF gjeldande frå 1.1.2025.

Formål og verkeområde for avtalen:

"Formålet med avtalen er at partane skal planlegge og utvikle heilskaplege og likeverdige helse- og omsorgstenester til pasienten. Tenestene skal ha gode overgangar mellom helseføretak og kommunen uavhengig av kvar ein bur. Samarbeidet skal sikre klar ansvarsdeling og god utnytting av ressursane.

Hovudavtalen skal klargjere strukturen i samarbeidet, tydeleggjere ansvarsdeling og medverke til framtidretta samarbeid ved planlegging og utvikling av tenestene.

Delavtalane skal gi føringar for pasientforløp, fordeling av ansvar og roller, partane sitt ansvar for å gje informasjon og rettleiing, finansiering, organisering og eventuelt behov for avklaring av arbeidsgjevaransvar mv.

Avtalen sitt verkeområde er samarbeid om helse- og omsorgstenester som pasienten tek imot frå helseføretaket og kommunen.

Avtalen støttar opp om helsefellesskap som samlande felles samarbeidsplattform og skal vere retningsgivande for prioriterte satsingsområde som regjering og KS er einige om.

Målet er at pasienten skal oppleve at tenestene:

- *er fagleg forsvarlege, trygge og føreseielege*
- *er samordna og samanhengande*
- *vert utforma etter involvering av pasienten*
- *er utforma etter ei tydeleg ansvarsdeling mellom pasient, helseføretaket og kommunen"*

Endelig vedtak skal fattes i styremøte HMR 17.12.24

Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF gjeldande frå 1.1.2025 til vitende

65/24 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 65/2024 i møte den 11.11.2024

Behandling

- Protokoll Regionalt brukerutvalg 28.10.2024
- Protokoll fra BU-sykehusapotekene 16.09.2024
- Referat møte med brukerutvalget for SNR 18.10.2024
- Møteprotokoll Styremøte HMR 23.10.2024
- Lenke til styresaker
- Økonomien i Helse Midt-Norge etter Helseplattformen. Brev til Helseministeren frå brukarutvala i Helse Midt-Norge.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende

66/24 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 66/2024 i møte den 11.11.2024

Behandling

Henvendelse om:

1. Prosjektgruppe - oppstart av ny operasjonsmetode for brokk – Klinikk for kirurgi Volda sjukehus. Ber om brukarrepresentant frå Helse Møre og Romsdal. Kontaktperson: Therese Karina Saunes
2. Faglig samarbeidsutvalg barn og unge i Møre og Romsdal. Ber om brukarrepresentant frå Helse Møre og Romsdal . Kontaktperson: Hilde Amundsen Flø (psykisk helsevern barn og unge)
3. ROS-analyse rehabilitering. Ber om brukarrepresentant frå Helse Møre og Romsdal. Kontaktperson: Vidar Hagerup

Vedtak

1. Forespørsel om brukarrepresentasjon ble orientert om i Brukarutvalet HMR 11.11.24. Sekretær i brukarutvalet tek kontakt med kontaktperson i prosjekt for oppstart av ny operasjonsmetode for brokk og ber om ei orientering etter svar på søknad er mottatt. BU ønsker at det på nytt blir vurdert brukarrepresentant deretter.
2. Faglig samarbeidsutval barn og unge i Møre og Romsdal - vurdering av ny brukarrepresentant blir tatt starten av 2025
3. ROS-analyse rehabilitering - namn på brukarrepresentant: Brit Harsem

67/24 Korleis gjennomføre ROS-analyse - metodar?

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 67/2024 i møte den 11.11.2024

Behandling

Kvalitetssjef Vidar Hagerup presenterte for brukarane rundt kvifor metodar ein brukar når ei ROS-analyse skal gjennomførast

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om ROS-analyser til vitende

68/24 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 68/2024 i møte den 11.11.2024

Behandling

1. Orientering om brev sendt til helseminister Jan Christian Vestre 05.11.24. Økonomien i Helse Midt-Norge etter Helseplattformen
2. Notat frå Nettverksmøte i BU-ene Stjørdal 4. og 5. november 2024
 - a. Oppfordring til å melde inn kandidatar til Forskingsprisen HMN
3. Barnetilbodet i SNR (sak meldt inn frå Pasient- og brukarombod Hanne Haavde Stenseth)
 - a. Viser til ROS-analyse frå 2017 ved samling av funksjoner. «*Helse Møre og Romsdal - ROS-analyse valg av modeller for pediatri i HMR*»

Vedtak

Barnetilbodet i SNR (sak frå Pasient- og brukarombod Hanne Haavde Stenseth)

Brukarutvalet til ROS-analyse frå 2017 ved samling av funksjoner. (Valg av modeller for pediatri i HMR)

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal er spesielt opptatt av at endringar i føretaket

1. Ikkje skal true pasientsikkerheten
2. ikkje skal økt ventetider
3. ikkje skal øke fristbrudd - som igjen kan få økonomiske konsekvensar for pasienttilbodet i HMR
4. Brukarutvalet er opptatt av at pasientane skal få likeverdig tilbod som resten av landet